



Opprustinga av Gamleskolen held fram på nyåret og omfattar ikkje berre kjellaren. Sist veke kom turen til golvet og på stutt tid la Byggeriet Uskedal Trelastlager nytt belegg. Det vart det svenskpoduserte Tarkett Eminent og det ga rommet eit ljosare og vennlegare preg.

I dag har det vore opning av Tiaren og høve til å beundra det nye golvet men det kom ikkje så mange, OL i TV er tydelegvis prioritert om dagen.

Då UU hadde årsmøte sist veke vart også driftsbudsjettet for dette året vedteke. Det har ei inntekt på 198 415 kroner og av dette utgjer annonseinntektene til uskedalen.no 77 000.

På kostnadssida utgjer drifta av nettavisa den største posten med 26 000. Vedlikehald av bygningar vil kosta 20 000, varekjøp i Tiaren 30 000 og straum 22 500

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen
NETT: Ola Matti Mathisen